

*Innsendingsliste frå lag og organisasjonar på Valen  
vedrørande sal av Valen og Handeland Gard*

1. Kvinnherad Kystlag
2. Valestiftinga
3. Valen ride og køyreklubb
4. Interesselaget Postvegen
5. Interesselaget Vardhaugselet
6. Valen jakt og fiskelag
7. Valen Skyttarlag
8. Valen Båttag
9. Kvinnherad turlag
10. Hytteutvalget Valen sjh
11. Folgefond DPS
12. Ergoterapi Fritid Valen sjukehus
13. TERS – Teknologi og realfag i skulen
14. Valen skule og Valen Barnehage
15. Valen Helselag

**1**

Kvinnherad Kystlag

Til  
Hordaland Fylkeskommune  
Sentraladministrasjon

Kvinnherad Kystlag skal fremja arbeidet for vern og allmenn bruk av dei ulike element innan norsk kystkultur.

I den samanhengen var det svært viktig at vi fekk byggja naust på Valen i samarbeid med Valestiftinga.

Naustet er bygd som grindabygg , og ein har gjennom heile byggjeprosessensen vore nøyen med å følgja gammal byggeskikk.

Føremålet med naustet er å ta vare på kystlaget sine båtar, vera ein samlingsstad for lagsmedlemer, og ein stad der ein kan driva vidareformidling av handtverk og tradisjonar innanfor kystkultur.

Dette naustet er det einaste reelle alternativet laget har for å driva ei forsvarleg forvaltning av dei verdiane som ligg i laget sin føremålsparagraf.

Tomten er skild ut med eige gards og bruksnr. (185 / 211 ), men er formelt eigd av Hordaland Fylkeskommune.

Sunde 12.11 2012

For Kvinnherad Kystlag  
Lars Jostein Rørvik  
Sekr.

2

Valestiftinga

Valestiftinga  
v. Reidar Handeland  
5451 Valen

Valen 20.11.12

Politikarane i Fylkesutvalet

Sentraladministrasjonen,  
Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900, 5020 Bergen

### **Vedkjem sak 52/12 i Fylkestinget : Sal av Valen og Handeland Gard**

Valestiftinga som vart oppretta i 2004 har til føremål: *"På ideelt og ikkje kommersielt grunnlag å ta vare på, forvalta og utvikla natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins, til allmennytige føremål til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper".*

I etterkant av at staten overtok sjukehusdrifta på Valen vart Valekaien og Buo overdrege vederlagsfritt til Valestiftinga frå Hordaland Fylkeskommune i samband med etableringa av stiftinga i 2004. Kaien og Buo framstår i dag som ein flott samlingsplass både for lokalmiljøet og for besøkjande og blir nytta av mange organisasjoner.

I samband med vedtaket om sal av Garden vil vi under gjere greie for våre prosjekt og aktivitetar i området og kva vi meiner særleg bør vernast for fortsett allmenn bruk for at vi skal kunne halde fram med vår verksemd.

#### **Valestiftinga har hatt ansvar eller vore pådrivarar for desse prosjekta:**

1. Restaurering av Postvegen, til saman 9 km mellom Husnes og Sandvoll. I tillegg er det lagt ned mykje dugnadsarbeid på tilrettelegging/restaurering av vegar som til dømes "Gardsvegen til Handeland" og "Skarpeteigen" til Valekaien som inngår i turnettet opp mot Postvegen.
2. Bygging av bruer og rastehytter i på Valøya, Handelandsdalen og kulturlandskapet nedanfor Garden, i samarbeid med Helse Fonna HF / "Brubyggjarane"
3. Bygging av "Fjordmannsnaustet" i samarbeid med HFK og Kvinnherad Kystlag. Kystkulturen har gjennom dette prosjektet fått ein plass å vera på Valen og vinterlagring for "Fjordmann"
4. Bygging av Historisk kulturløype i "Sagefallene" med "Brubyggjarane". Denne vandringa som er under utvikling inneheld over 100 år kraft- og industrihistorie med "Fyrstikkfabrikken", minner om sager frå 1500-talet og ein flott eikeskog. "Tarzan-løype" og lavvoar og rastehytter er opplevingar for born i alle aldrar. Området famnar og om den gamle historia på Valen med Husmannsplassar og gardshistorie. Valen sjukehus si historie og "Asylets Gravlund" som er ein del av "Landsverneplan Helse", inngår og i dette opplevingsområdet.
5. TERS = Teknologi og Realfag i skulen. Valestiftinga har i samarbeid med Kvh. VGS/HFK vore pådrivar for å få etablert eit "Feltlaboratorium" med utgangspunkt i Kraftstasjon II på Valen. Kompensasjonsmidlar frå kommunen finansierar prosjektet. Laboratoriet skal gje høve til å arbeide i felten på Valen og Handeland gard, i utmark og strandsone med målingar, praktiske øvingar og observasjonar for alle elevgrupper. Prosjektet er no ein realitet og ombyggingar til

laboratorium og klasserom er allereie i gang. Energifag og opplevingssenter i tilknyting til dei 3 kraftstasjonane som representerer 100 år krafthistorie er her under utvikling og vil kunna vera eit viktig besøkssenter for skulane i Hordaland.

6. Valestiftinga har tilsynsansvar og er pådrivar i restaurering av den gamle kraftstasjonen frå 1910 som HFK har lagt store resursar i på kultursida. Eit samarbeid med Norsk Vasskraft-og Industristadmuseum i Tyssedal er under etablering.
7. Sjukehusmuseet vart etablert i samband med Valen sjukehus sitt 100-årsjubileum i 2010. Valestiftinga har hatt ansvar for den daglege drifta av museet. I samarbeid med Sunnhordland Museum, HFK, Helse Fonna HF og Landsverneplanen for Helse er det vidare planar om eit pilotprosjekt for vidare utvikling av museet. Her har infrastrukturen rundt sjukehuset med Valen og Handeland Gard og ei viktig rolle. Dette er og en viktig del av Hordaland Fylke si historie.

Takka vera godt samarbeid med HFK gjennom Valen og Handeland gard er det frå Valestiftinga saman med Valen sjulehus og andre, lokale lag og organisasjoner, lagt ned mange tusen dugnadstimar for å realisera desse prosjekta, eit arbeid som framleis pågår.

For å ivareta aktivitetar og prosjekt der Valestiftinga er involvert er det viktig at følgjande område vert sikra til allmenn bruk:

- Områda nedanfor sjukehuset som ikkje er jordbruksareal inkl. strandsonen langs Nordevågen, med tilhøyrande rastehytter, kultur og asyllandschap.
- Fykeskommunen sin eigedom på Valøya.

### **Sluttord**

Vi meinar Fylkestinget har vedtatt sal av Valen og Handeland gard på særsviktande grunnlag utan at omsynet til kulturhistoriske verdiar, områdets bruk til rekreasjonsføremål og framtidig bruk i pedagogisk samanheng er belyst og ivaretatt.

Vi vonar Fylkespolitikararane på bakgrunn av dei tilleggsopplysninga som her er lagt fram vil vurdera saka på nytt, subsidiært sikra framtidig allmenn bruk av områda gjennom ymse tiltak m.a. sikring av Valøya som friareal / friluftsområde.

På vegne av Valestiftinga



Reidar Handeland  
Reidar Handeland / leiar

# 3

## Valen ride og køyrekubb

Valen Ride og Kjøyreklubb  
v. Liv Karin Santiago Thorkildsen  
5451 Valen

Valen 08.11.12

Politikarane i Fylkesutvalet  
Postboks 7910,  
5020 Bergen

Sentraladministrasjonen,  
Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7910, 5020 Bergen

### **Vedkjem sak 52/12 i Fylkestinget : Sal av Valen og Handeland Gard**


Valen Ride og Kjøyreklubb er gjort kjend med at Fylkestinget har vedtatt sal av Valen og Handeland Gard (VHG) inkludert strandsonen og fjellet og at Fylkesutvalet skal godkjenna salsvilkåra. Vi vil i denne samanheng orientera om vår verksemd og korleis vi har nytta utmarka, vegar og stiar i området fram til no i tett og godt samarbeid med VHG.

Valen Ride og Kjøyreklubb har om lag 80 medlemmar i alle aldrar og vi driv med ymse hestaktivitetar inkludert kurs, fellesturar og ulike lagsarrangement. Vi har vår base / stall på garden til Severin Eskeland. Fram til no har vi fritt kunne nytta områda og kulturlandskapet knytta opp mot VHG, inkludert Valøya, strandvegen langs Nordrevågen, Postvegen gjennom bygda og vidare mot Handeland, inn Handelandsdalen, vegen opp til Svatatjødn og Inntaksdammen, samt rastehyttene i desse områda (sjå vedlagte kart) til våre aktivitetar både på hesteryggen og i vogn.

Vi er no redde for at eit sal av VHG vi kunne medföra betydelege innskrenkingar i vår og andre lag og organisasjonar si verksemd og vil be om at Fylkesutvalet gjennom si vidare handsaming av saka ser til at området også i framtidaq vert sikra til ulike frilufts og rekreasjonføremål, t.d. gjennom at Valøya vert sikra som friluftsområde.

Med helsing styret i Valen Køyre og Rideklubb.

Kopi:  
Kvinnheringen og BT  
Hordaland Fylke: Kultur og Idrettavdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland  
Ordførar i Kvinnherad  
Kulturetaten i Kvinnherad  
Friluftsrådet Vest



# 4

Interesselaget Postvegen

**Til Hordaland Fylkeskommune.**

**Interesselaget Postvegen** ( orgnr 983 301 992.) vart skipa i 2008 for å setje i stand og ta vare på kulturminnet Postvegen Ølfernes - Herøysund.

Ca 4 km av den originale postvegen ligg på Valen- og Handeland gard.

Postvegen er bygd ved offentlege midlar og vert rekna som offentleg veg, ( ref. dom i Gulating lagmannsrett, ankesak nr 167/ 1980 s. 6.)

**Interesselaget** reknar såleis med at dette vert gjort kjend for ny eigar ved sal av Valen- og Handeland gard.

Frå Gravhaugen og til Handeland går i dag gardsvegen til Handeland. ( vedlegg 1) Dette er ein veg som dei som bur på Handeland har brukt til skule- og gardsveg «til alle tider».

**Interesselaget Postvegen** har sett denne vegen i stand, universell utforming, slik at den i dag også er eit bineledd mellom Postvegen i Valen krins og Skarveland krins. Den originale vegen er heilt borte på ei strekkje på ca 200 nord for Handeland bru, og der er det ikkje mogleg å restaurera den originale tressen. Difor er det svært viktig for samanhengen i Postvegen at me kan bruka gardsvegen og i framtida.


Ved sal av Valen- og Handeland gard, reknar me med at dette vert vidareført.

Valen 15.11.2012

Ove Tvedt

Ove Tvedt, leiar

Ved ugg



5

Interesselaget Vardhaugselet

**Til Hordaland Fylkeskommune.**

**Interesselaget Vardhaugselet ( org 993 753 491)** vart skipa i 2001 for å setje i stand og ta vare på kulturminnet Vardhaugselet.

**Vardhaugselet** ligg på F 185 under Vardhaugen, ca 650 m.o.h. Dette er på felles fjellgrunn og Interesselaget inngjekk ein avtale med grunneigarane 14.06.2001. ( vedlegg 1)

**Vardhaugselet** står alltid ope for alle og er i dag eit mykje bruk turmål, ca. 2500 besøkjande pr. år.

**Interesselaget Vardhaugselet** overtok ansvaret for drift og vedlikehald av hytta Olderbotn som ligg ca på 250 m.o.h. på gnr. 185. Me har ein avtale ( vedlegg 2) med hyttenemda ved Valen Sjukehus.

Olderbotn er og ei hytte som står alltid open for alle og er eit mykje besøkt turmål ( over 3000 besøkjande i året)

Av dei overnemde avtalane går det fram at det er *Interesselaget* som står for heile vedlikehaldet og drifta av hyttene med do og vedhus.

Ved sal av Valen- og Handeland gard, reknar me med at desse avtalane står ved lag.

Desse dokumenta er grunnlag for dei byggeløyva me har fått og brukt.

Valen 15.11.2012

Ove Tvedt

Ove Tvedt, leiar

Vedlegg 1 avtale om Vardhaugselet

Vedlegg 2 avtale om Olderbotn

Vedlegg 3 kart.

## Avtale om Vardhaug-selet.

Vedlegg 1

- \* Bruka har eigedomsrett/andre rettar i felles fjellområde under Vardhaugen i Kvinnherad.
- \* Bruka gir vederlagsfritt løyve til at " Interesselaget Vardhaugselet." får setja i stand og brukha dei murane som er oppført under Varhaug.
- \* "Interesselaget Vardhaugselet" vil setja tak over desse murane, og gjera selet til ei "varmestove" for fjellfolk. Selet skal kunna brukast av alle.
- \* Selet skal brukast til å fremja friluftsinteresser og fjellvandring.
- \* Bruka har inga plikt til vedlikehald og drift.
- \* Det er " Interesselaget Vardhaugselet" som står for vedlikehald og drift.

Valen 14. 06. 2001

Eikeland gr.nr. 186 bnr. 1 og 2 Sverin Eskeland  
Helland gr.nr. 142 bnr. 7 Jorlvin Helland.  
Helland gr.nr. 142 bnr. 1 Jarald Helland  
Helland gr.nr. 142 bnr. nr 2  
Valen gr.nr. 185 bnr. nr 1 og 2 Gorm Lunde, Reidar Haukeland  
Valen bnr. 186 bnr 3 Hans Petter Stroem, Jane Rehmann  
Trygve Kari Østhause

For "Interesselaget Vardhaugselet" Steinar Steen.  
Ove Tuott

Vedlegg 2.

## Avtale om Olderbotn-hytta ( gr.nr 185 br.nr 1)


Avtale mellom "Hyttenemda" ved Valen sjukehus og "Interesselaget Vardhaugselet"

"Interesselaget Vardhaugselet" overtek vedlikehald og drift av Olderbotn – hytta frå 01.04.04.

Hytta skal stå open slik at alle som vil kan bruka den.

Valen 01.04.04

Og Tjøtt (Interesselaget Vardhaugselet)  
Ølle Thoresen (Hyttutvalet)



# 6

Valen jakt og fiskelag

## Vedrørende salg av Valen og Handeland gard.

Valen jakt og fiskelag vil i denne forbindelse komme med ein del opplysninger.

Valen jakt og fiskelag blei stifta på 70-tallet, med representanter frå Valen sjukehus(Hordaland Fylkeskommune), rettighetshavarar og jegrar. Dette blei gjort for at småviltjakta skulle være i organiserte former.

Det har siden den tid vorte solgt jaktkort(årskort)

Dei innkomne midlene har bl.a vorte nytta til kultivering(kalking av sure vatn på 1990 talet), og predatorfangst.

Det har i alle disse åra vore eit godt samarbeid mellom grunneigar, rettighetshavarar og jegrar, når det gjelder småviltjakta, og me forventer også eit godt samarbeid i fratida, med evt nye eigalar.

Helsing styret i Valen jakt og fiskelag

Formann: Åge Røssland, postboks 121, 5451 Valen  
[\(aagroess@online.no\)](mailto:aagroess@online.no)

Kasserar: Atle Helland, 5451 Valen

Repr. for grunneigar: Jarle Mehammer, 5451 Valen

Repr. For rettighetshavarar: Rune Thorkildsen, Vågen 55, 5451 Valen  
[\(RuneThorkildsen@Helse-Fonna.no\)](mailto:RuneThorkildsen@Helse-Fonna.no)

Olav Langeland, 5452 Sandvoll

Vedlegg: - Oversikt over felt vilt  
- Kart  
- Regler


## FELT VILT VALEN JAKT OG FISKELAG

TYPE VILT	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Lirype	14	7	1	4	12	9	11	17	12	21	4	8	8	3	3	3	11	1	4
Fjellrype	7	2	10	1	9	14	10	13	48	23	10	15	14	4	2	0	12	7	6
Tiur	3	1	0	0	1	2	1	3	2	0	0	0	2	0	1	2	1	0	0
Orrhane	1	0	2	2	7	0	2	12	6	3	3	3	5	3	4	7	6	4	2
Rugde	0	0	2	0	1	1	1	0	2	2	0	1	2	2	2	8	4	0	1
Rev	0	0	5	6	0	0	0	1	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0
Hare	3	1	1	0	1	2	4	6	6	3	1	2	0	0	0	5	3	4	1
Mår	0	3	5	3	0	0	0	0	1	3	2	2	0	0	0	5	4+3	14	1
Røyskatt	0	0	0	1	0	0	1	1	1	2	2	0	0	0	0	0	0	0	0
Ender	12	36	1					21	19	38	43	50	48	11	29	22	19	34	21
Mink																		3	
Solgte Kort	28	28	15	19	54 (dag)	51 (dag)	53 (dag)	19	18	18	21	16+3	18	9+2	8+2	6+2	9+2	11+2	6+2
Innlevert Kort	18	22	10	11	41	31	41	16	15	17	13	14	12	8	7	7	8	11	7

Regler for småviltjakt i Valen Jakt og fiskelag sitt område.  
(følgebrev til jaktkort)

1. Jakt i skogen er ikke tillatt før etter 15.11.
2. Røy og Orrhøne er fredet. Bag Limit på 1stk Tiur for hele sesongen!
3. Jakten varer fram til 23.12.
4. Leveres ikke oversikt over felt vilt innen 15.01. får du ikke jaktkort påfølgende år.
5. Jaktkort blir solgt av Atle Helland (tlf.90691291) og Åge Røssland (tlf.90078465)

For styret VJF  
Åge Røssland



7

# Valen Skyttarlag

# VALEN SKYTTARLAG

---

**Hordaland Fylkeskommune**  
Postboks  
**5001 BERGEN**

Valen 05.11.2012

## **Salg av Valen og Handeland gard.**

Viser til vedtak i Hordaland Fylkesting om salg Valen og Handeland gard og de konsekvenser dette vil få for Valen Skytterlag.

### **Først lit historikk om oppstart av laget.**

Valen Skytterlag ble stiftet 10 januar 1940 etter innkalling av overlege Konrad Lunde til skipingsmøte og det ble valgt et styre på 5 medlemmer der Konrad Lunde ble valgt til formann.

Første styremøte ble avholdt 17 januar 1940 på kontoret til direktør Konrad Lunde. Det ble da bestemt å melde laget i Sunnhordland skyttersamlag og jobbe videre med verve nye medlemmer, samle inn penger for å kjøpe inn våpen, ammunisjon og skivemateriell.

Så kom krigen og det vart da stillstand i laget frem til 25 mai 1945 da ble det avholdt styremøte og bestemt videre drift. De ble i 1945 søkt Sunnhordland Skyttersamlag om statstilskott for opparbeiding av skytebane på Handeland gard i samsvar med vedtak i tilsynsnemnda 19.09.1945 sak. nr. 10 godkjent av Fylkesmannen. Løyve er gjeve uten atter hald og på ubegrensa tid.

Desember 1946 stod skyttergrava på 300m ferdig og de ble bestemt å bygge skyttergrav også på 100m som stod ferdig våren 1948.

I 1957 fikk Valen Skytterlag ei brakke av forsvaret / heimevernet som ble bygget av Tyskere og stod på Osterneset fort. Brakka ble revet på dugnad frakta med båt til Valen og montert opp som lags hus på skytebanen på Handeland. Lagshuset er fortsatt i bruk på skytebanen.

En har ved flere anledninger sendt henvendelser til Valen Sykehus og Hordaland fylkes kommune om festekontrakt og tinglesing av banen, men til de hevdar tidlegare overlege Konrad Lunde at de ikkje var turvande, for Valen Sykehus og Hordaland Fylke er ein offentlig institusjon og når den har gjeve sitt løyve vil den og i framtiden stå ved lag.

Siste henvendelse Valen Skytterlag sendte til Hordaland Fylkeskommune var en e-post 17.12.2010 til Bjarte Molvik med spørsmål om avtale på nevnte skytebane på Handeland.

Det er opp gjennom åra lagt ned mye dugnad av medlemmene av laget for å holde banen i godkjent stand. Inntekter som en har hatt gjennom laget er opp gjennom alle år brukt til innkjøp av materiell og utstyr for å oppgradere og å holde banen i godkjent stand. Banen er

## VALEN SKYTTARLAG

sist godkjent av Lensmannen i Kvinnherad våren 2012. Skyttergrava på 300m er i dag ikke i bruk lengre, det er bare 100m og 200m bana som er i bruk. På 100m har vi skyttergrav og manuelle skiver og på 200m er de elektroniske skiver.

Banen er i dag brukt i forbindelse med treningsskyting og skyteprøver for storviltjakt, Valen Skytterlag har pr i dag. Ca. 105 betalende medlemmer. Bana er og nytta av Husnes Skytterlag.

Vi har til dags dato hatt en svært god dialog med gardsstyrar ved Valen og Handeland gard og har en god dialog når ting skal utføres i området, og senest i Oktober 2012 har Valen skytterlag bevilget penger til felles vedlikehold av vegen til Handelandsdalen og skytebanen.


Området som i dag er nytta til skytebane er og avsatt i kommunedelplan for Kvinnherad Kommune til dette formålet ( se vedlagt kart ).

Det er av stor betydning for lokalbefolkninga i nærmiljøet at denne skytebanen også får bestå i fremtiden og av den grunn viktig at vi kan få en skriftlig avtale på dette viss eventuelt garden blir solgt.

### Vedlegg:

- Kopi av møteboka som bekrefter oppstart av laget i 1940. Vedlegg 1 - 10
- Kopi av søknad om bygging av skytebane datert 19.06.1945. Vedlegg 11
- Kart som viser skytebanen på Handeland Gnr. 153, Bnr. 1. Vedlegg 12

Med vennlig hilsen



**Valen Skytterlag**  
v/ Formann *Knut M. Teigen*  
Teigen 17  
**5460 Husnes**  
Tlf: 993 76976  
e-post: [kmt@pkonsult.no](mailto:kmt@pkonsult.no)

Sedlegg 1

Aar 1940 den 10 januar  
vart det etn imbezjoding at konrad  
minde varde make i Valen gamle  
skolehus til skiping av skyttarlag  
for Valen.

Desse nistle, sunn alle tistna  
og sunn lemn av laget:

1. Johannes Røgstad, 2.  
Rufin Eriksen, 3. Einar Saksbraa,  
4. John Eriksen, 5. Gisli Glomme,  
6. Ivar Dommaasen, 7. Jens F. Jakob-  
sen, 8. Alv Røland, 9. Martin  
Fotland, 10. Tonnes M. Haukland  
11. Johannes Thorisen og 12. Konrad  
minde og 13. Kristoffer H. Simdølengen

laget skal hesta Valen  
skyttarlag med logoer for alle  
Valen kring til n<sup>med</sup> uva, med  
at lemn sunn n ynn do aar  
legg inn aarleg kontingent sun-

Kr 6.- og lever som et om der  
20 av kr 1.-

Fra gjest skal med last innen  
i Sørlandet skyttaroen lag  
og er det meining i å fakta  
til med aktøret alltid snarast  
møgely. Styret skal vera på 5 levar.

Disse vart valde til styre  
for 1940:

Johannes Rogstad, Olv  
Goland, Jus F. Jakobsen, og  
Olai Hamre. og Konrad Brundt.  
Konrad Brundt vart vald til  
formann, Jus F. Jakobsen  
til vara formann og Olai  
Hamre til kasserar. Varanem:  
styrer enmas Salgs-  
haug  
Anfører

Styret fekk i oppdrag a  
koma med framlegg til leva  
paa forbe ordindre mëto.  
Vi skriv a lever leva

å aktionen for å få a flint og flest  
mogliges aktive medlemmer  
Møtet bleft.

Romsd Brønd. Martin Folland.  
Johs. Røgstad. Fjellheim Egeland.  
Johs. Eikrem. Als Gjøland  
Kr. Simdsdijen Cino. Søkerning  
Yohannes. Skoresen.  
Torval Hædeland  
Olai Farne. Ivar Dommarus.  
Jew & Jacobus

51  
Av 1940 den 17 januar bleft  
styret møte paa direktøren sitt kontor.  
Alle medlemmer møtte.

Saker:

1. Formannen gav melding inn  
at han hadde midt lagt inn  
Simtørlund skyttarlag, jaatt

Vedlegg 4

etter sidd 2 kraghi-flor og kjapt ammoniumjørr og tarvunder til åa  
sjø Terden, Bøyen og likevis  
såkt sid skur spannbank inn  
et tilskot til drift av laget.

2. Alv Høland loka á lega  
stivestativ og anna tarvunder.

3. Ein vart samd inn á  
taka til med øvingsskyting  
paa 100 m. med redosra  
ammoniumjørr sovel k vardag som  
síudag paa Haundland gard  
ovan for Læsi nippmed 20% =  
haugen paa myri.

4. Alv Høland tok paa beg  
á taka vare paa ammoniumjørr  
m. m. og fyrir tilskipn paa  
kjøtebagane baman und austre styrlewu.

5. Ein vart samde inn ein av  
di fyrske síudagane á taka

ein skrift til Valdalen med skjole-  
ovinjar om opple.

6. Þikkeinsi vart ein einig um a  
ekipa til ein tilsketting i form  
av paska fest eller hvernande  
for å skaffe til vegs pengar  
til amministrasjonen m.m.

7. Ein vart einig om at Øst-  
mannen skulde setja opp et oppdrag  
der ymse stader i kunder ~~oppdrag~~  
oppmoding til folk inn a  
kirken og om leira i laget.  
Merket slutt

Ramod Rindur. Olai og Gunnar  
Jens E. Jacobson. Als Jóland.

Var 1970 den 11 mai høststyre  
nøkkel. Alle lemn blehades.

Dese saker laeg pyre:

1. Kjøp av gevær. Ein vart einig  
inn i kjøpa Sewer modell 1930 (fiske)  
med diafrør og kongstykke til ein pris  
kr 196,- av sakja egenom Fimre-  
hovstnud Skjættarsand lag inn kr 50,-  
i risikostøkt til dette.

2. Ein vart einig inn i kjøpa  
diafrørsikke til eit av dei gamle gevær  
som var brukt i laget og som ein  
pyre har kosta mykje laga før. Dette  
er i 60 id ofteant foaa av ur  
folks silsle, Tappelvag, som har  
gjene lagre til dese fr. barkingar.

3. Frimannen fekk logen til  
a kjøpa eit luftgevar med <sup>30min</sup> rølver og  
50 skivs hjula støtten, Bergen.

4. Ein vart einig inn i kjøpa

Vidlegg 7

Aanvindning av skivor med  
att til. vaar av binnars skyffring;

Soluio:

- 1) Sharpe skot (D. kntar) 1000. stkr.  
2) Redosvt 1500. --  
3) Skivor: "5,5tk - Imekr skivor  
20 delt. 2) 5 stkr. - to mukenskivor  
(300 meter hold) - to delt.  
3) 5 figuror to delt, for  
braktekt til grunnlaget paa 300 m.  
av like figurar til 100 meter  
skyffring, alt 10 = delte figur-  
skivor.

4). Kass'rauen gav melding inn  
at nettoinnkomma paa spakke-  
faktur paa Flandsland den  
10-2-1940 var kr 381.81.

5) Ein vart einig inn fram leide  
a tek a kr 0,10 for skotet for  
all ammuntions, sould

Vedlegg 8

Skarp om redovis. Hennar viser  
at vah skal betala kr 0,05 for  
skorset om redovis.

3) Fohmannen fekk paallegg  
inn a skjønninga til Bergurur  
est hovando tilkast til laget.

Merket smitt:

Knud Brinck. fols. Røgslad.  
Jens Jacobsen. fols. Haland  
Halvvarne

Aar 1945 den 25 mai  
bleft styrpet i skyttarlaget  
moere paa Skellestokt ontruk ved  
syfteklunset.

Denne moerte av det  
gamle styrpet: Sigr. Haland,  
Olai Haure og Knud Brinck. For  
Johannes Røgslad og Jari T. Jakobsen  
som base n Graa gjett Halan

Av muntlig men vart leira til gress mittale protokoll  
sak om anslag, om kasse faktura ut gavar, men ikkje  
av min egen.

Nokre varane sine varar faksimile  
og aufriv Eiteland.

Fornamnen og kasseraletta gav  
opplysning om yrke ting sidan  
alle styrerende, mellom anna  
gevar og ammunisjon og personnæret  
og laget si økonometiske støda.

Høgt ur skuldfritt og lev  
til godar kr 308.- for leira  
ammunisjon til dei norske mittdale  
vaaren 1940 og for ei kragvifla  
med diaphoritstele. Skjøfta laga  
haade også for midlar levering  
av 4 andre gevar, nemlig fra  
Glen Lilleng, Tongen Høgland, <sup>1</sup>,  
Tak Tveit og Fidriberg, Nils.

### Dam roypes ved Tak:

Ein vil snakast opp ur gjeva  
alt frå å betjå laget i alleid

Vedlegg 10

att og gaa i gang med övingar.  
Fremmamen fekk mygide til  
at hæda ega ã joivn und ret-  
ningjölinore kvar skyttarsíam-  
skipnaden set opp og so i makkala  
til mytt skyremóku fr æ fyrerbí  
General Forsamling.

Næststøt slutt

Kongl. Hrnde. Eino Saksenring  
Schleswig. Hildur.  
Nordland

Aar 1945 den 18 juni kl. 17  
Skyttafaktautgitt general forsamling  
i arbeidstøva innan den norske riddarorden.

Tilstades var: Martin Falstad,  
Gunnar Ramstad, Hlv. Island, Arne  
Erikstad, Olai Hanse, Wassort, Grilling,  
Olav, Sverre Handeland, Tørvin, Takkiang,  
Sverre K. Torodd Haneland og Knud Knudsen.

Vedlegg 11

Formann.

, 19.6.1945.


Valen sjukehus,  
Valen i Sunnhordland.  
-----

Valen skyttarlag sökjer herved um  
å få laha ein skjotebane for laget på Handeland gard etter  
nemare tilvising og avtale.

VALEN SKYTTARLAG

Formann.

Vedlegg 12



8

Valen Båtlag

Valen Båtlag  
v/ Knut Rune Fatland  
Eikelandsberget 39  
5451 Valen

Valen 12.11.2012

Hordaland fylkeskommune, sentraladministrasjon  
og Seksjon/eining: Eigedom  
v/ Kristoffer Gilhus  
PB 7900  
5020 Bergen

**Konsekvens for Valen båtlag ved eit event. salg av Valen og Handeland gard.**

Valen båtlag har i dag eit leidgetilhøve for areal til båthavn med 72 båtplassar på området til Valen og Handeland gard.

Gjeldande leidgetilhøve gjeld fram til 01. januar 2013, og deretter eit år om gongen, dersom ingen av partane seier opp avtalen.

Valen båtlag har hatt eit ynskje om at eksisterande leigeavtale av 03.07.1992 og 03.07.1999 vert forlenga med 30 år utover den perioden nåværende avtale gjeld for.

Dette er det sendt brev til Hordaland fylkeskommune om 12.10.2011. utan at båtlaget har pr.dd. har fått svar på denne søknaden.

Området båtlaget leiger er fint opparbeid og blir godt vedlikeholdt.

Båtlaget har lagt ned mykje arbeid og penger i å opparbeida område som vart nytta til fyllplass, når leidgetilhøve med båtlaget vart inngått.

Det er også brukt mykje penger på vedlikehald av felles veg, seinast i år.


Området fungerer også som eit fint rekreasjonsområde for båtturister, bygdefolk og Valen sjukehus.

Det kan få store konsekvenser for Valen båtlag om Valen og Handeland gard blir sold, utan at båtlaget har vorte samde med Hordaland fylkeskommune om vidare leidgetilhøve eller eventuelt kjøp av området.

Med venleg helsing

*Knut Rune Fatland*  
Knut Rune Fatland

Leiar Valen båtlag



9

Kvinnherad turlag



Bogsnes 61  
5460 Husnes

[Anne.kari.enes@knett.no](mailto:Anne.kari.enes@knett.no)  
Tlf. 951 96 467

Sentraladministrasjonen i Hordaland Fylkeskommune

Politikarar i Fylkesutvalet

## Vedk. vedtak om sal av Valen og Handeland Gard

Kvinnherad Turlag er eit lokallag av Den Norske Turistforening og Bergen Turlag. Laget arbeider for eit aktivt, naturvenleg og trygt friluftsliv for alle som bur i, og som vitjar kommunen. Moglegheitene i nærmiljøet er mange, både når det gjeld turar på ski og til fots. Kvinnherad Turlag har 700 aktive medlemmer.

Turlaget legg til rette for turstiar i heile kommunen og har over ein tre års periode stått for eit omfattande sti-samarbeid med lag og organisasjonar, der vi har merka og skilta 69 turstiar som er registrert på nettsida [www.tursti.kvinnherad.no](http://www.tursti.kvinnherad.no). I tillegg til at vi tilrettelegg for turar for folk flest, arrangerer vi turar med turleiar

Kvinnherad Turlag er opptekne av å legga til rette for turar i nærmiljøet, både som kvardagsmosjon og for friluftsliv og rekreasjon. Vi legg til rette for at born, unge, vaksne og eldre kan koma seg trygt på tur på eiga hand.

**Innfallspartane** til turområda særleg i Valen, ligg i dag på fylkeskommunal grunn.

Vi har **merka turstiar** med utgangspunkt frå lett tilgjengelege parkeringsplassar ved Valen Sjukehus (Søsterheimen, p-plass ved bom til Svartatjødno/Valedalen) og ved Handeland gard, turveg til Feto langs Handelandsdalen. Denne ruta er mykje brukt for alle heile året, skiturar, fotturar, rullestol, barnevogn og sykkel. Turmålet Feto er mykje brukt til kvardagstrim.

Desse turane er å finna på trykte kart og på nettstaden [www.tursti.kvinnherad.no](http://www.tursti.kvinnherad.no)

Det er svært **lang tradisjon** for turgåing i fjellområda kring Valen og Handeland. Tilkomsten er god for bygefolk og tilreisande. Området er viktig for rekreasjon og friluftsliv.

Det er lagt ut **registreringsbøker** ved turmåla Svartatjødn-hytta, Valedalen-hytta, Olderbotn, Kokkelberg, Nordfjell, Vardhaugselet, Vardhaugen, Mjelkhaug. Desse viser at det dagleg heile året er

folk som nyttar løypenettet. Turane er merka med utgangspunkt ved parkeringsplassar ved sjukehusområdet.

Mellom anna viser tal frå registreringsbøkene at **Nordfjell** som ligg 559 moh. har om lag **4500 vitjingar i året**. Talet for dei lettare tilgjengelege turmåla, slik som Olderbotn, Svartatjødno og Feto ligg nok langt over dette.

Kvinnherad Turlag er opptekne av at Postvegen og Valøya er tilgjengelege turmål for både born og seniorar, og dei med barnevogn.

Vi ser det som viktig at born har eit nærområde der dei kan læra, leika og utfalda seg. Slike område finns i dag på sjukehus-garden, for eksempel området ved fyrstikk-fabrikken som er tilrettelagt som Tarzan-løypa.

I tillegg er Valøya eit viktig rekreasjonsområde for alle, tilrettelagt som friområde, ypparleg stad å gå i land når ein kjem sjøvegen med kajakk eller båt. Valøya er tilgjengeleg for gåande via Vågen.

For Kvinnherad Turlag

Anne Kari Enes

Leiar

Husnes 19.nov.2012

# Tursti i Handelandsdalen



## KONTAKT

Adresse:  
5451 Valen  
  
☎ 53 48 42 80  
✉ [turistinfo@kvinnherad.kommune.no](mailto:turistinfo@kvinnherad.kommune.no)  
🌐 [www.visitsunnhordland.no](http://www.visitsunnhordland.no)

## KART



## DOKUMENTER

[Last ned kart/Download map here!](#)

## FASILITETER

**Generelle fasiliteter**  
Barnevennlig

**Gradering**  
Fargegradert turmerking, Lett

**Handikap**  
Tilgjengelig for rullestolbrukere

**Natur og terrell**  
Elv, Grus, Skog

**Varighet**  
1 time

## BESKRIVELSE

Stad  
Valen (Handeland)

Turkart  
Folgefonna nasjonalpark.

Start- og sluttspunkt  
Handeland gard.

Parkerig  
Kjør til Handeland gard sør for Valen, og gjennom gardstunet til P-plass i skogkanten bak garden.

Merking  
God grusveg utan merking.  
Informasjonstavle ved P-plassen.

Gradering  
Grøn. Ein sjeldan fin turveg for barnevogn og motorisert rullestol.

Høgdeskilnad  
80 - 110 moh.

Tidsbruk  
1 time t/r.

Gode råd  
Ein tur for samtale og meditasjon.

Turomtale  
Flott tur innover Handelandsdalen langs den stilleflytande elva til Feto med ope grillhus. Turen eignar seg for både dei minste og dei eldste.

Rullestol:  
Vegen langs elva og inn til Feto har fast grusdekke, og er svært godt eigna for elektrisk rullestol. Det er ein bom i starten, men denne kjem ein lett rundt.

[Utforsk Fjord Norge-regionen](#)[Skriv ut](#)


# Tursti til Vardhaugselet



## KONTAKT

Adresse:  
5451 Valen  
  
53 48 42 80  
[turistinfo@kvinnherad.kommune.no](mailto:turistinfo@kvinnherad.kommune.no)  
[www.visitsunnhordland.no](http://www.visitsunnhordland.no)

## KART



Kartdata ©2012 -

## DOKUMENTER

[Last ned kart / Download map here!](#)

## FASILITETER

Gradering  
Fargegradert turmerking, Middels

Natur og terreng  
Grus, Liten sti, Skog

Varighet  
4 timer

## BESKRIVELSE

Stad  
Valen.

Turkart  
Folgefonna nasjonalpark.

Start- og sluttspunkt  
Søsterheimen Valen sjukehus.

Parkerig  
Køyr inn på sjukehusområdet frå riksvegen og følg skilting 300 meter opp til Søsterheimen.

Merking  
T-merka og skiltia.  
Informasjonstavle ved start.

Gradering  
Blå. Moderat krevjande, to støvlar etter DNT-systemet.

Høgdeskilnad  
80 - 700 moh.

Tidsbruk  
4 timer t/r.

Gode råd  
Turen til Vardhaugselet kan utvidast mot Vardhaugen og Mjelkhaug.  
Legg gjerne turen opp som rundtur om Nordfjell eller Olderbotnen.

Turomtale  
Følg skogsvegen opp lia frå Søsterheimen 200 m til vegdele. Derfrå kan ein gå til Vardhaugselet via Nordfjell eller Olderbotn.

Ruta via Nordfjell går opp skogsvegen til venstre, som etter 1 km går over i sti til Kokkelberg og Nordfjell.

Ruta via Olderbotn følger skogsvegen rett fram og går etter kvart over i dårleg veg og sti 1,5 km til hytta i Olderbotn 400 moh. Den opne hytta er ein fin kvileplass med flott utsikt.

Lett vandring opp til skoggrensa og innover i flatare lende til Vardhaugselet. Ein reknar med at dei solide selmurane vart oppsette ca. 1860, og at det var stølsdrift her fram til 1905.  
Restaureringa er gjort av "Interesselaget for Varhaugselet", og selet er no ope for alle heile året.

[Utforsk Fjord Norge-regionen](#)[Skriv ut](#)


# Tursti til Mjelkhaug frå Valen



## KONTAKT

Adresse:  
5451 Valen  
 53 48 42 80  
 [turistinfo@kvinnherad.kommune.no](mailto:turistinfo@kvinnherad.kommune.no)  
 [www.visitsunnhordland.no](http://www.visitsunnhordland.no)

## KART



Kartdata ©2012 -

## DOKUMENTER

[Last ned kart / Download map here!](#)

## FASILITETER

Gradering  
Fargegradert turmerking, Krevende

Natur og terrell  
Fjell, Grus, Litet sti, Nære sjø/hav

Varighet  
5 timer

## BESKRIVELSE

Stad  
Valen.

Turkart  
Folefonna nasjonalpark.

Start- og sluttspunkt  
Søsterheimen Valen sjukehus.

Parkerung  
Køyr inn på sjukehusområdet frå riksvegen og følg skilting 300 meter opp til Søsterheimen.

Merkning  
T-merka og skilta.  
Informasjonstavle ved start.

Gradering  
Raud. Noko krevjande, fire støvlar etter DNT-systemet.

Høgdeskilnad  
80 - 1005 moh.

Tidsbruk  
5 timer t/r.

Gode råd  
Frå toppen bør ein ta turen bort til Mjelkhaugsteinen som ligg ca 300 meter aust for varden. Steinen er synleg frå havet og vart i gamle dagar nytta som seglingsmerke. Den er ca 12 m lang, 7 m brei og 7 m høg. Returnen kan ein ta ned til Helland, eller over Svaneheia og tilbake via Nordfjell eller Olderbotn.

Turomtale  
Følg skogsvegen opp lia frå Søsterheimen 200 m til vegdele. Derfrå kan ein gå til Vardhaugselet via Nordfjell eller om Olderbotn.

Ruta om Nordfjell går opp skogsvegen til venstre, som etter ca. 1 km går over i sti til Kokkelberg og Nordfjell.

Ruta via Olderbotn følgjer skogsvegen rett fram og går etter kvart over i dårleg veg og sti 1,5 km til hytta i Olderbotn 400 moh. Den opne hytta er ein fin kvileplass med flott utsikt. Lett vandrings opp til skoggrensa og innover i flatare lende til Vardhaugselet. Ein reknar med at dei solide selmurane vart oppsette ca. 1860, og at det var stolsdrift her fram til 1905.

Restaureringa er gjort av "Interesselaget for Vardhaugselet", og selet er no ope for alle heile året.

Frå Vardhaugselet bratt bakke opp til Vardhaugen 775 moh. Deretter lett terreng innover til foten av Mjelkhaug. Frå toppen er det vid utsikt over store deler av Sunnhordland, med havet og fjorden mot sør og vest, Manen, Englafjell og Rosendalsfjella mot nord, og Ulvanoso mot aust.

[Utforsk Fjord Norge-regionen](#)[Skriv ut](#)

# Tursti til Nordfjell




## KONTAKT

Adresse:  
5451 Valen

53 48 42 80  
[turistinfo@kvinnherad.kommune.no](mailto:turistinfo@kvinnherad.kommune.no)  
[www.visitsunnhordland.no](http://www.visitsunnhordland.no)

## KART



## DOKUMENTER

Last ned kart / Download map here!

## FASILITETER

Gradering  
Middels

Natur og terrell  
Grus, Litet sti, Skog

Varighet  
3 timer

## BESKRIVELSE

Stad  
Valen.

Turkart  
Folgefonna nasjonalpark.

Start- og sluttspunkt  
Søsterheimen Valen sjukehus.

Parkerig  
Køyr inn på sjukehusområdet frå riksvegen og følg skilting 300 meter opp til Søsterheimen.

Merkig  
T-merka og skilta.  
Informasjonstavle ved start.

Gradering  
Blå. Moderat krevjande, to støvlar etter DNT-systemet.

Høgdeskilnad  
80 - 559 moh.

Tidsbruk  
3 timer t/r.

Gode råd  
Turen til Nordfjell kan utvidast til Vardhaugselet, Vardhaugen og Mjelkhaug.  
Ta med drikke, det kan vera vanskeleg å finna vatn i tørre periodar.

Turomtale  
Følg skogsvegen opp lia frå Søsterheimen ca 200 m til vegdele. Skogsvegen til venstre går etter ca 1 km over i sti via Kokkelberg til Nordfjell. Retur same veg eller via stien om Olderbothn som ein kjem inn på ved fyrst å følge stien ca 500 meter frå Nordfjell mot Vardhaugselet.

# 10

## Hytteutvalet Valen sjukehus

Valen 14. november 2012

Hytteutvalet ved Valen sjukehus  
Org.nr. 997 622 456  
Valen sjukehus  
Sjukehusvegen  
5451 Valen

Politikarane i Fylkesutvalet  
Postboks 7910,  
5020 Bergen

Vedkjem sak 52/12 i Fylkestinget : Sal av Valen og Handeland Gard

**OVERTA HYTTENE TIL VALEN SJUKEHUS FOR VIDARE DRIFT.**

Ein ser da som unaturleg at hyttene etter 100 års bruk for pasientar, pleiarar, Kvinnherad vidaregåande skule, Valen skule, barnehage og allmenheten nå skal verta i privat eige. Valen- og Handeland gard har aldri gjort bruk av hyttene. Vel står to av hyttene ( Svartatjødno, Olderbotn ) på grunnen til Valen- og Handeland gard, mens tre av hyttene ( Speidarhytta, Ingenørhytta og Kuhaugselet ) står på fellesbeite oppe på fjellet. Valen sjukehus har alltid stått for driften av hyttene.

Me ønsker å beholde hyttene i Valen sjukehus si eiga, ved Hytteutvalet. Org.nr. 997 622 456 Hytteutvalet er ei gruppa som administrerer, driv og vedlikeheld hyttene, ryddar stiar og legg til rette for allmenn friluftsliv i området.

Me kan ikkje sjå problem med å skilja ut hyttene når fylke i same område har sikra seg alle fallrettar, rett til å byggja veg, røyrgate, kraftlinje, magasin, tomtar til kraftstasjon og masseuttak.

Hytteutvalet har i alle år hatt eit godt samarbeid med Valen- og Handeland gard når da gjeld bruk av veg, uttak av ved til hyttene. Tilgang til fiske og bruk av båt har hytteutvalet hatt med Valen- og Handeland gard og dei andre oppsitjarane. Me ønsker at denne praksisen vert videreført.

Skogen, fjellet og hyttene er viktig i høve aktivisering og behandling av pasientar. Samt vel ansett rekreasjon for tilsette ved sjukehuset og for samfunnet elles.

Helsing hytteutvalet, Valen sjukehus



Atle Thoresen, leiar

# 11

Folgefonn DPS

Folgefond DPS, Helse Fonna HF  
Sjukehusvegen 26  
5451 Valen

Hordaland Fylkeskommune  
Fylkesrådmann

## UTTALE VEDK VALEN OG HANDELAND GARD

Viser til vedtak i Fylkestinget om sal av Valen og Handeland Gard.  
Folgefond Distriktspsykiatriske senter (FDPS) vil gjera greie for vår bruk av eigedomen i behandlinga, som er meir utstrakt enn det Allemandsretten gjev høve til.

FDPS, saman med Valen sjukehus, Valekrossen skule og ei rekke andre instansar har hatt eit nært samarbeid med Valen og Handeland Gard i ei årrekke.

Det er lang erfaringsbasert kunnskap og solid vitskapeleg støtte for at det har svært god helsebringande effekt å ha ein meiningsfull aktivitet, vera fysisk aktiv, oppleva meistring, kunna læra praktiske og sosiale ferdighetar, i det heile å kunna arbeida i retning av det å ha normalfunksjonar og roller i samfunnet.

FDPS driv difor m.a. «Brubyggjargruppa» og andre behandlingsretta gruppetilbod som kvar veke gjer nytte av eit innarbeidd og svært fleksibelt samarbeid med Valen og Handeland Gard. Bruk av nærområda i form av tilrettelegging og vedlikehald av turstiar, litt vedhogst og oppsett av lavo. Brubyggjargruppa er eit lågterskeltilbod med fokus på fysisk aktivitet, friluftsliv, fellesskapstanken, utvikling av praktiske ferdighetar og ein møtast i andre settingar enn tradisjonelle behandlingsråmer. Ein deltek ut frå dei føresetnadane den enkelte har. Døgninnlagte pasientar har i sin behandlingsplan daglege utfordringar i fysisk aktivitet på ulik nivå. Målet er i tillegg til snarleg tilfriskning, også læring i å nyitta fritida etter utskriving.

Dette vel innarbeidde, fleksible, saumlause samarbeidet med Valen og Handeland Gard, i tillegg til Valen Sjukehus og Valekrossen skule, og det fysiske tilgjenge på eigedomen ser me på som ein nøkkelfaktor for at FDPS kan gje våre pasientar effektiv og god behandling i åra som kjem. I tråd med nasjonale føringar ser me og trong for å vidareutvikla desse behandlingsråmene, t.d. andsynes førebygging og styrking av behandlingstilbod til unge som har vanskar med å nyttiggjera seg ordinære skule- og arbeidsvilkår.

Valen 15. 11.2012

*Hege Lægreid Røssland.*

Hege Lægreid Røssland  
Seksjonsleiar Folgefond DPS  
53466453/99288076  
hege.lægreid.rossland@helse-fonna.no

# 12

Ergoterapi og Fritid  
Valen sjukehus

Politikarane i Fylkesutvalet  
Postboks 7910,  
5020 Bergen

Sentraladministrasjonen,  
Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7910, 5020 Bergen

### Vedkjem sak 52/12 i Fylkestinget : Sal av Valen og Handeland Gard

Ergoterapi-fritids eininga ved Valen sjukehus er eininga som har aktivitet som mål og metode for betring av psykisk og fysisk helse. Har i alle år hatt eit godt samarbeid med garden, og er uroa over planane om sal.

### Valen sjukehus sin bruk

Valen sjukehus sitt samarbeid med Valen- og Handeland gard har bidrige til at dei psykisk sjuke har hatt eit godt og brent aktivitetstilbod. Me har alltid nytta og nyttet framleis tilrettelagt fysisk aktivitet og arbeid som ein viktig del av behandlinga for våre pasientar. Ein del viktige positive psykologiske mekanismar fysisk aktivitet gjev som er verdt å nemna her:

**Auka velvære, redusert angst, betring av depresjon, meir overskot og energi, betra søvn, minka forbruk av beroligande medisin, positiv meistringskjensle mm. Heilt konkret har samarbeidet vore:**

- Pasientar som har ønska det har jobba på garden.
- Ergoterapi-fritid har fått hjelp når me har hatt bruk for frakt av større ting som stokkar til lavvobygging, transport av materiale, flytting av stein...
- Lån av utstyr. Td motorsag, beskjæringssag, økser...
- Nytta areal til diverse arrangement. Moro ved sjøen, aktivitetsdagar i Handelandsdalen, arbeid på låven...
- Ei gruppe med brukarar og pasientar ved Folgefond DPS og Valen sjukehus som kallar seg «Brubyggjarane» har vore med å halda i hevd kulturlandskap til glede for både pasientar, garden og bygdafolk. Bygd dagsturhytte og lavvo på fylket sin eigedom, lagd stiar og bruer. Nytta arealet til felles beste.
- Fått stokkar til vedprosjekta våre, samstundes som me har saga ved til garden.
- Nytta hyttene i fjellet som turmål, overnattingsturar, gjort dugnad på dei. Gode tiltak som bidreg til betring av dei sjuke si helse.
- Fiske i vatn og på sjø.
- Bidrige med kunnskap. Td lært oss om utstyr, stilt garden til disp ved motorsagkurs...
- Garden bidrog ved restaurering av postvegen som er nytta av pasientar.
- Hyttene, lavvo, dagsturhyttene ligg på garden/fylket sin eigedom

### Bruk i eit samfunnsperspektiv

Det er her me er bekymra. Vert det like lett å samarbeida med evt nye eigalar. Dei er jo nødt til å fokusera enno meir på profitt. Ein viktig del av det positive med behandling av psykisk sjuke på Valen er tilgangen til natur og her er garden viktig som forvaltar av området. Det gjeld sjølvsgått bygdafolk, skule og barnehage og. Reint økonomisk veit me ikkje kva som løner seg, men personleg trur me det er bra at det offentlige er med og bidreg til matproduksjon og heldt i hevd jord- og skogbruk i distrikta.

Valen sjukehus 14/11-12



Atle Thoresen, fritidsleiar



Frode Dale, leiande ergoterapeut

#### Helse Fonna

P.Boks: 2170  
5504 Haugesund  
Foret.nr: 983 974 694  
Bank. 3201.15.00241

#### Kontaktnfo:

Sentralbord: 52 73 20 00  
Telefaks: 52 73 20 19  
post@helse-fonna.no  
www.helse-fonna.no

#### Fakturaadresse:

Helse Fonna HF  
Regnskap, P.Boks 64  
5751 ODDA  
Tlf: 52 73 20 00

#### Besøksadresser:

Haugesund: Karmsundsgt. 120, 5528 Haugesund.  
Stord: Tysevegen 64, 5416 Stord.  
Odda: Sjukehusvg. 1, 5750 Odda.  
Valen: Sjukehusvg. 26, 5451 Valen.

Tlf: 52 73 20 00  
Tlf: 53 49 10 00  
Tlf: 53 65 10 00  
Tlf: 53 46 64 00

# 13

## TERS

### Teknologi og realfag i skulen



TERS (Teknologi og Realfag i Skulen) er eit 3-årig prosjekt som skal arbeide for å auka interessa for realfaga i grunnskulen og vidaregåande skule i Kvinnherad. Prosjektet er sett i gong av det lokale næringslivet i samarbeid med Hordaland fylke og Kvinnherad kommune.

Eit av satsingsområda har vore å byggja ut eit feltlaboratorium for realfag med særleg vekt på produksjon og bruk av ulike energiformer. Biologi og geologi er også prioriterte arbeidsområde for laboratoriet. Me har vore så heldige at me har fått overta eine kraftstasjonen i Valen som skal innreiaast som eit utstillingsvindauge og laboratorium til bruk for alle skular i Kvinnherad og Sunnhordland. Dette er gjort mogleg ved å ha eit tett og godt samarbeid med Valenstiftinga og Valen gard. Nettopp at kraftstasjonen og garden har vore offentleg eigedom har gjort dette relativt enkelt å få til. Laboratoriet er organisert slik at bygget med innhald er lagt til KVV som eit skulebygg der HFK står som eigar. TERS står for oppussing og finansiering av utstyr og fyller laboratoriet med innhald, noko me er i full gang med i samarbeid med yrkeslinene på KVV.

At garden skal seljast, gjer at ein må vera merksam på nokre problemstillingar for laboratoriet. Me har laga nokre punkt som me gjerne vil ha sikra før eit eventuelt sal.

1. Grensene rundt kraftstasjonen bør justerast slik at tilkomsten vert sikra. Det er viktig å sikra køyrevegen ned til stasjonen. I tillegg må det sikrast tilstrekkeleg parkeringsplass. Sjå vedlagt kart.
2. Me har søkt om å få byggja eit naust til båten. Laboratoriet er tenkt som utgangspunkt for feltarbeid. Spesielt Valeøya og strandsonen er viktig for oss. I dette området bør det vera lett tilkomst og gode parkeringsmuligheter.
3. Med tanke på feltarbeid hadde det vore ynskjeleg om området langs elva frå hovudvegen og ned til stranda vert lagt til feltlaboratoriet, eventuelt avsett til friområde.
4. Tilkomst og bruk av hyttene i området er ein viktig føresetnad for feltarbeidet i skogen og fjellet. Spesielt hytta ved Svartatjødno er ein viktig overnatningsstad. Også i dag har KVV avtale om bruk av denne hytta. Dei to hyttene i Valedalen er også aktuelle å nytta som overnatningsplass og kvilebuer i samband med feltarbeid.

Meir om TERS finn de på: [www.kvinnherad.info/ters](http://www.kvinnherad.info/ters)

Lars Kallevik  
(Prosjektleiar TERS)

Audunn Bjelland  
(Styreleiar TERS)  
(Rektor KVV)



**14**

Valen skule  
og  
Valen Barnehage



## VALEN SKULE OG VALEN BARNEHAGE

Til Hordaland fylkeskommune

Fylkesutvalet m.fl.

### GJELD SALET AV VALEN OG HANDELAND GARD

Valen oppvekstsenter har inntil for få veker sidan vore ei verksemd, med 35 tilsette og ca 110 skuleelevar og 60 barnehageborn. No er barnehagen blitt privat, men me vel likevel å senda ein felles uttale i denne saka.

Me ligg fint til, sentralt i Valebygda, men litt trengt på ei heller smal hylle mellom riksvegen og brotet ned mot Høylandssundet.

I alle år har me sett umåteleg pris på det gode samarbeidet me har hatt med Garden og Sjukehuset. Det har gitt oss høve til å utvida dei litt tronge kåra me har innafor gjerdet, og å ta i bruk den fantastiske naturen me har i nærområdet. Nokre døme på samarbeidet

Me har :

- Nyttar fritt eit belte i lia framfor skulen
- Hatt massevis av prosjekt i stranda og på Valøya i fag som naturfag, kroppsøving/orientering
- Hatt kulturarbeid, eigne prosjekt og i lag med Sunnhordland museum og Kvinnherad kystlag
- Tatt medansvar(FAU) for ei "Tarzan-løype" fritidsavdelinga på sjukehuset bygde i dalen ned mot båthamna
- Nyttar bakkane på garden til aking og skileik på vinterstid
- Hatt løyve til å hausta eple og plommer frå frukthagen til bruk i matlaging
- Hatt Handelandsdalen og hyttene i skog og fjell som turmål
- Hatt mange ekskursjonar og opplevelingar i fjøsen, låven og i skogen, under kyndig leiing av gardsstyrar Jarle Medhammer
- Hatt årvisse "VårfestiValen", arrangement der oppvekstsenteret, Valestiftinga og Valen helselag har invitert folk i området til å bruka og bli meir medvitne om kultur- og naturtilfanget me har rundt oss over alt på Valen.

Me har hatt fokus på Valevågen, kaien og bua, på Valøya, på kraftanlegget, på postvegen mot Handeland og postvegen mot Husnes, og drive folkeopplysning gjennom brosjyrar, gaiding og natursti.

- Barnehagen har hatt løyve til å hogga juletre i utmarka før jul
- Borna i barnehagen er særleg glade i området rundt "Hatlane" og "Tarzanløypa"

#### KONKLUSJON

Gjennom m.a. aktivitetane over har barnehage, skule og familiar flittig brukt nærområdet, i nært samarbeid med velvillige representantar for grunneigaren, Hordaland fylke.

Me er usikre på kva situasjonen vert når dei enorme områda og verdiane no kjem på andre hender. Det treng ikkje bli nokon katastrofe, men me vonar at seljar legg inn nokre føringar og etterhald som sikrar allemannsretten og tilgangen til nærmiljøet vårt, som har så stor verdi som tumlelass og rekreasjonsområde for born og familiar, særleg på Valen, men også for resten av Kvinnherad.

Det vil vera av spesiell verdi å sikra området i heile Nore Valevågen og indre- og ytre Valøyo.

For Valen oppvekstsenter

Steinar Haugan (s)

Verksemdsleiar

Fot Valen barnehage

Kari Bakken Teigen(s)

styrar

15

Valen Helselag



Valen Helselag v/ Unni Dale (leiar)

Valen 13.11.12

[unni.dale@knett.no](mailto:unni.dale@knett.no), tlf 99436422

Til

Hordaland Fylkeskommune

Uttale ved sal av Valen og Handeland gard

Valen Helselag, eit lokallag under "Nasjonalforeningen for folkehelsen", driv førebyggjande arbeid for menneske i alle aldrar i Valen krins. Valen Helselag, er over 100 år, og har hatt eit like langt samarbeid med Valen og Handeland gard i form av friluftsaktivitetar der ein har nytta følgjande områder:

- Strandsona med Valøya,
- Utmark og skog med hytter og vegar/ turstiar.

Valen Helselag fryktar at salet vil ha konsekvensar for bygdafolkets sin moglegheit for rekreasjon og fysisk aktivitet i områda nemnt ovanfor.

Valen Helselag vil sikra seg at laget i framtida vil ha same høve til å driva aktivitet som i dag. Denne aktiviteten strekkjer seg langt ut over det ein har høve til med allemannsretten.

Dette krev:

- Parkering ved inngangen til Handelandsdalen, og ved Søsterheimen.
- Køyra på garden sine vegar i utmark og skog.
- Bruka hyttene i skogen.
- Fri tilgang til strandsona, inkludert Valøya.

Med helsing Valen Helselag v/ Unni Dale, leiar